



Bjarte Buanes

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2482 - 14/8108

Saksbehandlar:  
Eirik Bouwer Utne  
eirik.utne@meland.kommune.no

Dato:  
06.06.2014

## Uttale frå tenesteområde kultur gjeldande gnr/bnr. 23/32

Tenesteområde kultur er blitt bedd om gi ei vurdering i samband med planlagt oppføring av bustad på gnr/bnr. 23/32, sak nr 14/1790. Tiltaket kjem i konflikt med ein skjeneflor i tørrmur midt på tomta, SEFRAK-nummer 1256 206 10. Bygningen har i registeret status som riven/brent og er der tidfesta 1800–1899.

På synfaring sto ikkje bygningen fram som riven. Ein slik bygning vil opphavleg vere av enkel konstruksjon og murane står fram som i relativt god stand, men tilstanden til taket er dårleg.

Tenesteområde kultur vil oppfordre til at tiltakshavar må integrere skjenefloren i oppføringa av bustaden. Viss ikkje dette er mogleg, kan ei løysing vere å flytte bygget til ein annan plass på eigedommen. Det er mange gode døme på liknande prosjekt og ulik bruk av eldre tørrmura bygg i regionen, og tenesteområdet kan vere behjelpelig i dette. Det er lokal kompetanse på tradisjonsmuring i Meland.

Gardane Frekhaug og Nordgarden er svært utbygde, og det er i dag nokså få spor frå tidlegare gardsdrift og kulturlandskap. Å ta vare på spor frå eldre erverv og liv er viktig i område med høg folkevekst og utbyggingstakt, særleg med tanke på stadsidentitet. Det vil vere uheldig å miste eit slikt tørrmura bygg på staden. I det minste bør det vere eit krav om å gjere steinen frå bygningen tilgjengeleg vederlagsfritt for bruk til restaurering av andre eldre tørrmura bygg og tiltak i Meland.

Tenesteområdet har starta arbeidet med kulturminneplan for Meland kommune. Riving av dette bygget kjem i konflikt med intensjonane for planen, som er skildra i oppstartsmeldinga godkjent i Utval for levekår 3.6.2014, og bør òg vurderast i forhold til Riksantikvaren sitt mål om å redusere det nasjonale svinnet av kulturminne til 0,5% per år.

Med helsing

Bente Bing Kleiva  
leiar kultur

Eirik Bouwer Utne  
kulturkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Vedlegg:**

Steinhus på gnbr 2332

Referat frå førehandskonferanse 14.5.2014

**Mottakere:**  
Bjarte Buanes